

Lindås kommune
Kvernhusmyrkane 20
5914 ISDALSTØ

Utgreiing vedkomande byggesak på gbnr 134/235- sak: 18/1316

Me viser til dykkar brev datert 06.06.2018 førebels svar, her under mottakskontroll

1. Skjema for endring m.v er i denne sendinga
2. Utgreiing vedkomande riving av eksisterande garasje.

Me søkte om dispensasjon frå rekkefølgekrav samt byggegrense i reguleringsplan for å rive eksisterande garasje og setje opp ny på same staden. Kommunen gjorde vedtak om anna plassering/løysing, som medførte at ein måtte sjå på totalsituasjonen for eigedomen på nytt.

Då me fann ny plassering av garasje slik det er søkt om i byggesaka, såg me at eksisterande garasje kan nyttast dersom denne vert vedlikehalde.

3. Utgreiing i høve bruken av 2 garasjar på eigedomen.
Me har behov for denne plassen, då me kan plassere tilhengar og anna utstyr som me ikkje nyttar til dagen og som elles ville stått ute.
4. Nabovarsling.
Naboar har fått nabovarselskjema med teikningar og situasjonsplan slik kommunen har motteke i byggesaka. Dette grunnlaget og naboskjema omhandlar ikkje riving av eksisterande garasje. Vi meiner det då ikkje er naudsynt med utsending av nytt nabovarsel som er identisk med det dei allereie har fått. Nabovarsel er gjeve med personleg oppmøte/kvittering, slik at naboane er godt orientert om situasjonen.

Dersom kommunen likevel ønskjer det kan vi sende ut nytt nabovarsel.

Om tiltaka og tilhøve til dispensasjon.

I den vurderinga ber me om at de ser desse tiltaka opp mot det ein søker om dispensasjon frå; rekkefølgekrav om bygging av rundkjøring, gangveg samt infrastruktur til det nye feltet.

Me gjer og merksam på at det er sendt inn førespurnad til kommunen om å endre føresegnene til reguleringsplan på dette feltet (jf. Reinshol), slik at det ikkje vert naudsynt for dei eksisterande bebygde eigedomar å søkje om dispensasjon for å byggemelde mindre tiltak.

Torleif Johannessen
Ansvarleg søker